

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Tilleggsspørsmål nr. 6.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Endre Stranden

(adresse): Misset

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Øksfj. og Visdal

Bygdelag: Visdal

Gard: Stranden


G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Lauv som ripes av fræne:

1. Ja. Men ikkje so mykje som før. Der lauves mest dei år det er lite stråfor. Under siste verdsterig måte, te ein lauve meir enn vanleg då ein skulle skaffe høg og halm til tyskarane.
2. Det er etter slakta man tek lau, i august og september. Man tek lauv av bjørk, raun og ask<sup>ore</sup>. Man binner det saman i heiar. Då sejer me: "Me tek lau."
3. Man brukar ein "lausigd", enten smidd av smed, eller av ein avbroten lja, sån  med eit skaft av tre ca. 35 cm. langt. Man bøyer kviste ut seg med sigden. I fars tid 1870-90 rippet man lauv av ask og tørka det på bakken. man hadde sumtids vilt på handa

4. Større trær vert høgde ned. Der fin-  
nes ein del "lauklamp" på gardane,  
på småmarka. Dei hogg man lau,  
et op av på kvart 4-6 år. Slik  
lauklamp er op til ei manshøgde.

Det kalles for "å pile" trærne.  
Slik lau klamp var mann redd for før  
i tida, no ryddes de gjerne vekk.

5. Står kvisten er med vert lau et bunn-  
net i kjerv. Risput lau rakes sam-  
men med rive og baret inn i sekker  
eller lauvteiner og lagd utover  
lovegolvet til tørk. I godveir tør-  
kes det ute på marka.

Laukjirva vert hengde på kvistane  
på dei pile trærne med stikken op.  
I regnveir vert kjirva sette inn un-  
ner stabur, i eit "skot" (sval) eller  
innpå låven. Det er best å tørke  
lauet i skugga. Før i tida - 1880 åri-  
da me tok mykje lau, laga me til  
laustakk, på same vis som ein høg-  
stakk - ei stong i midten støtta av  
skorv. Kjirvene vert lagde med top-  
pen mot stongen. Ovenpå lagdes  
ei torve og over den ei tøndste  
snara omkring stonga av gras.  
I ein stakk var 2-300 kjirv. Man  
rekna kjirva i hundreder. På ein  
gard vart før - 1880 åri - like mellom  
1 og 2 tusan kjirv.

Lauet på store askar fer vera til  
det faller av om hausten, da var

kan man det samon og bauer det inn  
 på låven og brukar det opp etterkvart.  
 Vart ikkje laga surlaiv.

6. Lauvet som er i stakkar vert kjørt  
 heim på slede på vinterføre.

Lauv tørka ute vert enten kjøyd eller  
 båret i bære på 20-30 etter eit tog  
 eller "svilk" - ei lang buske, der bru-  
 kes som "kipeband".

Dugnad å taka lauv vert ikkje brukt.

7. Det vert teke lauv både på innmarka  
 og i utmark. Karane hogg lauvet og  
 kvinnfolka binner i kjerv.

8. Lauvet vert lagd i lag i ei sval  
 eller oppå høget når det er tørt.  
 Duggfritt lauv kan og reises opp om-  
 kring veggene inne i loa ein kor stas.  
 Ei kje får eit kjerv av ask eller ore  
 i gongen - ein gong om dag.  
 2-3 sauer får eit kjerv bjørkalav i  
 målet - ein eller 2 gonger om dag.

9. Godt lauv er av ask og rogn og ore,  
 til kjør - bjørkalav til sauer.

10. Alm er det lite av her i bygda - og  
 vert soleis ikkje bruka til noko  
 slaks kjøter. Men i Teikesdal i  
 same heradet vert greiner og bast  
 av alm mykje bruka til kjøter-  
 mat.

11. Kjennes ikkje her i bygda - men brukelig  
i Eikesdal.

12. Fell bort.

13-15 Fell bort.

B. Lauv raka saman på bakken.

1. Slikt lauv kallast "lauvdau".

2. Askelauv.

3. Man brukar ei rive.

4. Bæres inn i sekker.

5. Utføres av kvinner og barn.

6. På rovgolvet.

7. Lagd opp i båsen til kyrne.

8. Askelauv.

9. Nei ikkje absolutt nødvendig. Men det  
er bra å drøye på stråforet med  
det. Under krigen vart det gjort  
som ellers.

— " —

1782

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING